

Styret

Vi starta året med ei feiring av Sogndal Skilag sitt 125 årsjubileum den 2.februar. Det feira vi med utstilling av historiske bilde i Dalalåven, skileik i bakken og ei samling for alle tidlegare nolevande leiarar av Sogndal idrettslag. Vi ynskte å takke dei for ein fantastisk jobb dei har gjort for at vi er der vi er i dag. Frå venstre: Karin Vikane, Cecilie Thaulé Løvlid, Kjell Kvåle, Per Ingar Sviggum, Arnt Munthe, Inge Kvam og Tore Sviggum. Ikkje til stades men ikkje gløymt Marit Uglum, Marte Kjernsholen, Nils Tore Opheim, Kai Lille-Homb og Karstein Fardal



Ikkje lenge etterpå måtte vi stenge ned all aktivitet den 12.mars på grunn av Covid 19. Det er ikkje til å legge skjul på at vi er redde for kva konsekvensar dette har framover.

SIL er ein av få møteplassar for ungdom som driv med idrett både lag og individuelt og vi er redde for fråfall. Dette er ikkje bra for folkehelsa i kommunen og vi skal jobbe hardt for å få dei tilbake i aktivitet. Dette har prega mykje av vårt arbeid dette året men det har og betydd at vi har kunne jobba ekstra med tilrettelegging for framtida.

Den 20. juni fekk vi ei fantastisk nyheit om samrøystes vedtak i kommunestyret om å få realisere ein fleirbrukshall og basishall. I desember møtet blei det og vedteke midlar til prosjektering samt midlar til bygging i 22-23.

Dette prosjektet er ikkje berre viktig for idretten og skulane. Det blir og ein møteplass for ungdommen som dei ikkje har i dag. Organisert aktivitet møter uorganisert aktivitet. Dette prosjektet er med å bidreg til - *bli med på laget* - aktiv livet ut.



Økonomi og drift

Drifta av idrettslaget er stabil og stødig. Dei mange gruppene jobba godt og har god økonomistyring. 2020 blei eit unntaks år, då Korona-stenginga råka hardt i mars. Mange av gruppene fekk kraftig redusert aktivitet, ikkje minst hallgruppene pga. lite idrettsareal i kombinasjon med smittevern tiltak.

Redusert aktivitet gjer at idrettslaget sine inntekter er redusert med nær kr. 600 000,- frå 2019. På kostnadsida har gruppene gjort ein god jobb med å tilpasse drifta til Koronaåret og samla redusert kostnaden med kring kr. 760 000,-. Idrettslaget sine offentlege og private støttespelarar har bidrege med dei same (og noko meir) støttebeløpa som i eit normal år. Dette gjer at idrettslaget i sum får eit overskot på vel kr. 700 000,- inklusive avsetningar til framtidige investeringar.

Basistrening

Vi fekk og starta opp basistrening noko vi har verkeleg har ynskt å få til i mange år. Dette er eit flott samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet, Ungdomsavdelinga i kommunen, Frisklivssentralen og idrettslaget.

Årsmelding 2020

Dei har vore i snitt 22 stk. på treningane og her har det møtt ungdommar med ulike behov, nivå og form. Gleda oss til å utvikle dette programmet vidare i lag med våre flotte samarbeidspartnarar

Arrangement

SIL valte å gjennomføre SMILI i år men i eit litt mindre format og i samsvar til smitteverns reglane. I år som i fjor fekk vi fantastisk hjelp av Sogndal folkehøgskule og fantastiske premiar av våre lojale og flotte sponsorar. Vi hadde 180 deltakarar og var nøgd med det. Vi køyrer på att til neste år!!



Av andre store arrangement dette året so stod klatregruppa klare for å arrangere NM i led, hurtighet og par. Dette måtte dei dessverre avlyse. Vi er stolt over klatregruppa og dugnadsheltene som har stått på for å få til NM i Sogndal.

Synd at det ikkje lot seg gjere å gjennomføre NM, men slik vi kjenner klatregruppa så kjem dei seg raskt over kneika.

SIL prisen

SIL prisen gjekk til Arne Farestveit for sine resultat innan klatring. Det blei avgjort på årsmøtet og prisen blei delt ut under SMILI.

Møteaktivitet og verv

11.mai vart eit historisk årsmøte heldt digitalt. Der takka vi av Laila Wigum og Kristine Celius som styremedlemmar og Cecilie Thaulø Løvlid gjekk av som mangeårig leiar.



Årsmelding 2020

Cecilie har jobba knallhardt for idrettslaget i 8 år og har i lag med styret sitt innarbeida nye retningslinjer for drift av idrettslag. Medlemsregistrering er blant anna ein stor jobb som har blitt gjort. Tusen takk for innsatsen Cecilie Thaule Løvlid.

Ny leiar blei Tonje Norheim Tangerud, Helle Selseng og Maylinn Flikki inn som nye styremedlem. Hans Gunnar Hagelin er nytt varamedlem.

Lilly Schøyen er vald inn i styre til Vestland idrettskrets og er leiar i valnemnda i Sogn og Fjordane skikrins.

Cecilie Thaule Løvlid er vald inn i valgkomiteen i Vestland idrettskrins. Dette er ei fjør i hatten for Sogndal Idrettslag og er viktig for vår framtid.


Tonje Norheim Tangerud valt inn i det nye idrettsrådet for Sogndal kommune. Ho er også i valgkomiteen i Sogndal idrettslag Fotball, valgkomiteen for Sogndal skisenter eigedom og Sogn og Fjordane Skikrins

Jan- Erik Weinbach fortsetter i Sogndal idrettsråd, no som nestleiar. Han er også valt inn kommunen sitt i aktivitets- og friluftsråd.

Torunn Borlaug er styremedlem i Nattuglene.

Styret har ein formidabel jobb framføre seg no for å kunne realisere vår store draum med å få ein ny arena i Sogndal. Å kunne arrangere messer, turneringar og stevner er noko me verkeleg treng for å kunne utvikle aktivitetar og utøvarar. SIL skal vera eit idrettslag for alle og da treng vi ein arena for dette.

Vi har hatt 6 styremøter og 2 hovudstyremøter . Vi har hatt mange flotte media oppslag om idrettslaget og gruppene har vore aktive på Facebook. Vi har auka tal følgjarar med 60 stk. på Facebooksida vår.





Årsmelding 2020

Til slutt vil vi takke dykk alle som er med og bidreg til at Sogndal Idrettslag kan få legge til rette for unge og gamle, breidde.

- Aktive
- Trenarar
- Foreldre
- Støtteapparat
- Styremedlemmer

Og ikkje minst hovudlaget sine samarbeidspartar og sponsorar.

- Luster Sparebank – Generalsponsor
- Intersport Sogndal – Hovudsponsor
- Lerum – Hovudsponsor
- Dei mange – Grupperponsorane

Tusen takk for støtta og håpar de vert med oss i lang tid framover 😊

Styret

Tonje Norheim Tangerud	Lilly Schøyen	Svein Hågard
Leiar	Nestleiar	Styremedlem
Jan -Erik Weinbach	Tommy Harjo	Helle Selseng
Økonomi	Medlemsansvarleg	Politiattest
Maylinn Flikki	Torunn Borlaug	Hans Gunnar Hagelin
Styremedlem	1.varamedlem	2.varamedlem



Årsmelding 2020

Handball

Styret i Sogndal Handball har det siste året vore Ole Jonny Uthus, leiar, og medlemar, Harald Mo, Linda Midtun, Rita Orrestad, Lene Hofslund Dulsvik, Torunn Borlaug, Oddny Anita Barsnes og Helle Selseng.

Fokusområdet i 2020

Styret har i 2020, som åra før, fokusert mykje på økonomien i handballgruppa. Rekneskapa for 2020 syner eit overskot på kr. 210 037. Eigenkapitalen i handballgruppa er 216 792.

Handballgruppa i Sogndal har hatt dei dårlegaste økonomiske rådevilkåra for trening av handball i Noreg. Dette skuldast at gruppa sjølv betaler for leige av hall til fylkeskommunen. Me takkar Sogndal kommune som i 2020 er ein viktig bidragsytar til betring av laget sin økonomi.

Styret har mykje fokus på å hente inn meir inntekter frå dugnadar og frå sponsorar. Styret takkar foreldre og sponsorar som har stilt opp og vore med på arbeidet for handballen i Sogndal.

Sportsleg

- Det er gjennomført kampar så langt mogleg under retningslinjene frå myndighetene + eigne protokollar for gjennomføring av treningar og kampar.
- Antal påmelde lag 2 senior (dame + herre)
Aldersbestemte lag,
Jenter – 17 lag (frå J7 – J16)
Gutar – 6 lag (frå G7 – G11)
- Stor aktivitet blant dei yngste, mellom anna har det vore opp 50 deltakarar i handballskulen. Her har føresette bidrege til gjennomføring av treningar
- Trenarar, alle aldersbestemte lag i serie har hatt eksterne trenarar og vi har opplevd at folk har tilbydd seg å vere trenarar
- Dommarar, god oppfølging og dommarutvikling i klubben
- Senior – har opplevd utfordringar pga korona. Har ikkje fått drive kontaktidrett og derfor hatt begrensa treningstilbod og ingen kamptilbod
- J15 – satsar stort med trening heile året i og utafor hall. Har også meldt på lag i J16 og to i J15 og har bestemt seg for å spele Bringkvalik.

Sogndal, 25. februar 2021

Ole Jonny Uthus, styreleiar

Orientering



Styret:

Leiar	Jorunn Aa Albretsen
Medlem	Anna-Karin Clarin
Medlem	Thomas Scheiber
Medlem	Christian Frøyd
Medlem	Ingvild Andersen
Medlem	Magnus Sandven

Karl Helge Albretsen har i tillegg bidrege som kasserar og Robert Tellvik ansvarleg for medlemslistene.

Positivt i 2020:

- Året vore prega av smitteverntiltak knytt til koronapandemien, men o-gruppa har holdt oppe mykje aktivitet, gjort meir med tur-o og skulekart enn planlagt, starta opp igjen barnegruppe etter nokre år utan dette tilbodet
- Orientering trekt fram som koronavennleg aktivitet, merksemd i media
- Suksess med usynleg-o som ny aktivitet våren 2020 då alt var stengt
- Barneorientering starta opp igjen med bra deltakartal og gode aktivitetar tilpassa barn og unge.



Årsmelding 2020

- Auka deltakartal på tur-o, gjennomført breiare opplegg enn først planlagt
- Skulekart Kaupanger, Trudvang, Kvåle, Leikanger barneskule nyteikna / reviderte. To fleire kart enn i tiltaksplanen.
- Skulesprint gjennomført med bra deltakartal
- Fleire deltakarar frå klubben på flott fjor-o arrangement i Førde og Naustdal
- Fleire avisoppslag lokalt om orientering i løpet av sesongen

Utfordringar i 2020:

- Mange avlyste arrangement pga korona
- Uendra tal deltakarar på treningsløp
- Få til å dra lasset til den vekentlege aktiviteten utanom styret

O-løp / Trening / Vekas løype

O-gruppa har arrangert 14 treningsløp denne sesongen. Tal frå 12 av løpa viser 203 deltakarar, 17 deltakarar pr løp. Det er om lag som i 2019 (16,5). Deltakinga med 248 registrerte startar totalt blir 16,5 deltakarar i snitt pr treningsløp.

Vekas løype var etablert i 2014 og vidareført også i 2020. 79 deltakarar er registrert på dette tilbodet (men det kan vere ein familie pr deltakar).

Turorientering

I år hadde me 7 turar; Fjordstien, Røvhauane, Vesterland, Kaupangerholten, Eide-Hatleggi, to turar på 6 ulike støljar i Sogndalsdalen. Turane var i fire ulike vanskegrader. Betydeleg utviding av tilbodet igjen og noko auka deltakartal til 12 familiar.

Skulesprint

Trudvang skule: 150 elevar

Kaupanger skule: 144 elevar

Leikanger barneskule: 58 elevar

Verdens orienteringsdag (WOD)

Ikkje gjennomført grunna korona



Årsmelding 2020

O-trolleir og ungdomssamling

Ikkje arrangert i 2020 grunna korona

Orienteringsløp

KM i Kaupanger avlyst i april grunna korona

Deltaking på løp og leir utanfor Sogndal:

Christian og Benjamin Frøyd, Magnus Sandven, Håkon og Jorunn Aa Albretsen deltok på Fjord-o i Førde og Naustdal juli 2020.

KM og leir i Stryn: Christian og Benjamin Frøyd, Ingvild og Jøran Lien Molland, Eirik Aaberge Aalbu, Trym Almås. KM resultat: 6 deltakarar frå Sogndal på KM mellom, 7 på KM lang.

Ingvild Lien Molland nr 1 i D19, Ingar Hals nr 1 i H 60

O-trolleir i Førde: Trym Almås, Nils Ødegård, Benjamin og Christian Frøyd.

KM natt: Karin Sørli Street nr 1 i D 19, Christian Frøyd nr 1 i H 19

DM: 3 deltakarar frå Sogndal. Christian Frøyd nr 3 i H 40.

Kurs

Ikkje arrangert

Styrearbeid

Styret har hatt 1 fysisk møte hausten 2020, elles nokre møter digitalt og mailkontakt jamt heile året. Leiar i styret har delteke på styremøter i SIL og årsmøte i o-krinsen på Skei i februar, lagleiarmøte i o-krinsen på Idrettens møteplass i Førde i oktober og digitale lagleiarmøter i krinsen. Christian Frøyd valt som leiar for o-krinsen frå februar 2020.

Økonomi

Viser til eige rekneskap.

Medlemmer 2020

77 registrerte medlemmer, 56 har betalt treningsavgift (kun 43 av desse ser ut til å vere registrert som medlemmer i SIL. Nokre er små barn og ikkje registrerte)



Årsmelding 2020

Evaluering tiltaksplan

- Motivere lærarar og elevar til orientering: Nye skulekart teikna, nokre reviderte, skulane fått sekk med materiale og idear til aktivitet og noko opplæring gjennomført av Christian.
- Etablere treningar for barn og unge igjen: Gjennomført av Ingvild LM og Christian med hjelparar. Ein periode på våren og ein på hausten. 22 barn vore innom, 14 var med minst 4 av 7 treningar på hausten.
- Arbeid med nye klubbdrakter sett i gang i samband med rekruttering av nye gjennom barneorienteringa. Arbeid planlagt til sesongen 2021.
- Verdens o-dag: Ikkje gjennomført pga korona
- Finn fram dag: Ikkje gjennomført pga korona
- Ungdomssamling: ikkje gjennomført pga korona
- Stand på høgskulen: ikkje gjennomført pga korona
- Sosiale tiltak kring treningsløp: ikkje gjennomført pga korona
- Gjennomsnitt på 20 deltakarar pr treningsløp: Litt under med 17 (16,9) i år, om lag som i 2019 med 16,5
- Tur-orientering: Her har me gjort meir enn det som stod i tiltaksplanen. Det meste vart også lagt ut på turorientering.no (noko vanskar teknisk med å få lagt ut). Fin auke i deltakartal, men må jobbe endå meir med marknadsføring i 2021.
- Få med 2 nye kartteiknarar: Magnus og Torstein er nye kartteiknarar i klubben og har teikna skulekart under rettleiing av Christian.
- Nye skulekart på Leikanger og Kaupanger: Gjennomført og i tillegg revidert to i Sogndal.

Me har måtte avlyse mykje, men har jobba jamt med aktivitet gjennom sesongen likevel.

O-gruppa vil takke alle løparar og medhjelparar for innsatsen i året som gjekk!

Styret 2.02.2021



Årsmelding 2020

Symjing

Symjegruppa arrangerte våren 2020 symjetrening ein gong i veka både for barn og unge og master torsdagar kl 16:30-18:00. Bassenget vart også delt i kurstida for symjeopplæring mandagar kl 18-19:30. Grunna covid-19 vart symjetreninga avslutta tidlegare enn vanleg på våren. I haustsemesteret vart det naudsynt å skilje gruppene med omsyn til smittevern, i tillegg fekk ikkje føresette tilgang til symjehallen. Spond vart også innført for å ha oversikt over kven som har delteke på kvar einskild trening hausten 2020. Treningstida for barn og unge vart torsdagar kl 16-17 og for master torsdagar kl 17-18. Masterpartiet trente også måndagar når det ikkje vart arrangert kurs. Det betyr at me har nytta treningstida vår i bassenget på ein best mogleg måte både på våren og hausten 2020. I 2020 hadde me 21 barn og unge som deltok og 9 i mastergruppa. Victoria Loftesnes, Tom Andre Moberg og Ådne Undheim har vore symjetrenarar for barn og unge og Nikolaj Trautner for masterpartiet. Brede Stavø har vore velvillig vikar ved behov. Katarina Solvi Mardal har hatt ansvar for å administrere symjegruppa sin e-post og påmeldinga til symjeopplæringa, Tom Andre har drifta nettsida og Ådne Undheim spond. Symjegruppa arrangerte både på våren og hausten symjekurs. Symjesesongen vart avslutta med ein variant av klubbmeisterskap på våren og leikprega aktivitet der alle alderstrinn var i saman før jul, i tillegg til å få pizza og saft. May Britt Hauge har hatt ansvar for styrejobben aleine. Det har framleis ikkje lukkast å få med fleire foreldre til styrevern. Jan Erik Weinbach er symjegruppa sin representant i hovudstyre og har økonomiansvar for gruppa, og Torgeir Bøyum hjelper symjegruppa med utbetalingar.



Årsmelding 2020

Langrenn

Styret

Tommy Harjo (Leder)

Morten Bøthun

Atle Eikevik

Stian Orrestad

Aina Raasholm Fauske

Ingrid Elde

Anlegg

Nok en sesong der skiforholdene i Hodlekve har vært gode. Sogndal Skisenter leverer fremdeles virkelig godt på langrennsløypene, spesielt i periodene med vanskelige værforhold.

En lett løypedugnad i høst la godt til rette for tidlig start i løypene selv om det første snøfallet lot vente på seg.

Langrennsgruppa er fremdeles i vekst og vi er nå i gang med arbeidet med nytt langrennsanlegg med større kapasitet.

Arrangement

Grunnet Covid-19 ble det ikke samling på Beitostølen denne sesongen.

Sesongen 2020-2021 startet seint grunnet lite snø, og lenge var det kun Leirdalen og Hodlekve som kunne arrangere renn. Når det endelig kom snø kom det også Covid-19 restriksjoner som stoppet alle kretsrenn i tillegg til regionale og nasjonale renn.

I skrivende stund ligger vi an til 3 krinsrenn i tillegg til de sedvanlige 6 rundene med Skicup som vi pleier på tirsdager. Grunnet Covid-19 restriksjoner har vi god deltakelse på lokale renn og kommer til å kjøre Skicup-runder så lenge det er interesse for det, slik at det sikkert blir både 7 og 8 runder før sesongen er over.

Tidens første Heradsmeisterskap i nye Sogndal måtte legges på is forrige sesong, og vi vet fremdeles ikke om det lar seg gjøre å gjennomføre denne sesongen.

Som en følge av restriksjonene har vi måttet dele tirsdagsarrangementene våre opp i to kohorter der Minicup går fra 17:30-18:30 og deretter Skicup på tid med start kl 19:00. Vi har hatt påmelding gjennom Spond og begrensning på 100 deltakere + én foresatt. Vi har heller ikke åpnet SIL-hytta for annet enn toalettbruk. På Minicup-delen har vi ca 175 deltakere registrert, så det har vært mange som ikke har fått deltatt på de første rundene, men vi har prøvd å møte dette med ekstrarunder i forskjellige former.



Årsmelding 2020

Alle sosiale tiltak har blitt utsatt i år, og premieutdeling er fremdeles vanskelig å gjennomføre, men alle har hatt mulighet til å hente premier både på treninger i idrettshallen i høst og på langrennsstadion på tirsdagene.

Trening/Renn deltaking

Det er god rekruttering i de yngste klassene.

Barmarkstreninga starta opp i september, og vi har i år flyttet fra Helgheim til Idrettshallen på Kvåle. Dette har fungert meget bra og alle er veldig fornøyde med mulighetene som finnes der. Det er et trafiksikkert område og fasilitetene i hallen er meget gode.

Som vanlig er treningene flyttet til Hodlekve fra nyttår når snøen er kommet. Kulda i januar/februar satte en stopper for flere treninger, men det er fremdeles god rekruttering og vi har hatt mange krinslags-deltakere fra klubbene rundt oss som en følge av C-19 restriksjoner. Disse regnes som samme treningsgruppe og kan dermed trene og konkurrere sammen.

Vi har nå etablert en prosjektgruppe for nytt langrennsanlegg og vi har god dialog med skikrins, skiforbund, kommune og skisenter. Vi har fått tildelt Hermod Bjørkestøl som løypedesigner og venter nå på at snøen skal forsvinne slik at ny befaring kan gjennomføres.

De eldre løperne våre har hatt en skuffende sesong med tanke på at alle store renn har blitt avlyst. De står på og deltar lokalt, men en slik sesong er tung for motivasjonen.

Vi har i år to trenere med oss fra Høgskule-miljøet. Vi prøver også å ha noen ekstra-økter for de eldste der Martin Hammer bidrar. Utover dette har vi en stabil trenerstand, men er avhengige av kretslaget for at de eldste skal kunne få et godt nok tilbud.

Skikarusell hadde en god økning i deltakelse som en følge av at alle andre aktiviteter fikk en stopp i vår. Poengsummene ga også preg av dette med en god håndfull deltakere som slo tidligere rekordpoengsummer.

Økonomi

Økonomien i langrennsgruppa er fremdeles god og vi har stabile overskudd som vil komme godt med nå når vi skal bygge opp et nytt langrennsanlegg.

Sogndal 23.02.2021

Tommy Harjo

Ingrid Elde

Morten Bøthun

Aina Raasholm Fauske

Atle Eikevik

Stian Orrestad



Årsmelding 2020

Tae Kwon Do

Styret: Leiar: Per Magne Sviggum Nestleiar: Olav Arild Barsnes Kasserar: Nina Helen Flatabø
Sekretær: Kristin Selmer Styremedlemmar: Kristin Ylvisåker – instruktørkoordinator/kontakt for TAN
og Master Bente Karin Vigdal, medlemsregisteransvarleg Linda Ediassen Kjartan Hovgaard

2020 har vore eit spesielt år for SIL taekwondo, som det har vore for heile landet. Vi rakk akkurat å gjennomføre gradering for den eldste gruppa, før Noreg gjekk til «ro». I løpet av året har styret hatt fysiske møte, når vi har kunna ha det, og møter over nett når det ikkje har vore moglegheit for fysiske møte.

Saker til handsaming og aktivitet

- Hallsituasjon 2020 Dette året har vi trent i Idrettshallen (Sogn og fjordane fylkeskommune), Sogn treningssenter og Trudvang
- Trenarsituasjonen Treningsansvar her gått på omgang blant dei svarte belta, når det har vore mogleg å ha trening. Embla og Hilde har hatt ansvar for Kidstreningane, og Bente Karin Vigdal, Martin André Rømma, Martin Hovland Vigdal, Rasmus Tennø Loe, og Torgny Sætre Ediassen, har vore medtrenarar.
- Gradering taekwondogruppa 11. og 12. januar var det gradering/treningshelg for taekwondogruppa. Master Morten Sunnset Larsen og Master Trond Schøyen Høgi hadde graderinga. Ei god graderings- og treningshelg, som vanleg, når vi har gradering. Sosialt om kvelden.
- Gradering Kidsgruppa Kidsgruppa har ikkje hatt graderingar i 2020 på grunn av korona.
- Aktivitet Sommarleiren 2020 vart avlyst, og med den cup/dan/mastergradering. Master Trond hadde nokre etterlengta treningsøkter utandørs på Fosshaugane i sommar, og utover hausten hadde me treningar som best me kunne i avgrensa kohortar. Embla Gjerde Sviggum deltok på fleire estemne i mønster: - Sommercup 2, arr. av WT-seksjonen i NKF (4. plass) - Norgescup 1 (5. plass) - Norgescup 2 (6. plass) - Lents Taekwondo WW Sports Online Poomsae Open (14. plass) - Lents Taekwondo WW Sports Online Poomsae Open, Beach (5. plass) - NM i Poomsae, arr. av WT-seksjonen i NKF (8. plass)
- Seminar I september hadde vi pandemi-style Kick-off/pensumseminar.
- Innkjøp/utstyr Ingen større innkjøp i 2020.
- Instruktørar/trenarar Master Trond Schøyen Høgi er framleis vår master/hovudtrenar, sjølv om han no bur i Bergen. Embla Gjerde Sviggum og Hilde Stenehem 1. dan, har hatt hovudansvaret på Kids. Instruktørar/trenarar: Kids, 1. – 4. klasse: Ansvar Embla Gjerde Sviggum og Hilde Stenehem 1. dan, frå august.

I tillegg har desse vore medinstruktørar: Bente Karin Vigdal, 2. dan Elise Hovland 1. dan Martin Andre Nygård Rømma, 1. dan Martin Hovland Vigdal, 1.cup Taekwondogruppa, 5. klasse og oppover:



Årsmelding 2020

Hovudansvar: Master Trond Schøyen Høgi, 4. dan Kristin Ylvisåker, 3. dan Runar Langeteig, 3. dan
Instruktører: Per Magne Sviggum, 2. dan Bente Karin Vigdal, 2. dan Olav Arild Barsnes, 2. dan Linda
Ediassen, 2. dan Kristin Selmer, 2. dan Roger Ediassen, 1. dan Vidar Brendstuen, 1. dan Embla Gjerde
Sviggum, 1. dan Hilde Stenehjem, 1. dan

- Kontingent Grunna pandemien vart det ikkje krevd kontingent for vårhalvåret 2020. Pr. semester:
Kids (6-10 år): 300,- Ungdom (10-19) t.o.m. 3. på vidaregåande: 600,- Vaksne (19-): 1000,-
Støttemedlem/»berreheimopåbesøkmedlem»: 200,-
- Medlemmar Klubben hadde ved årsskiftet 64 registrerte medlemmar.
- Treningstider/stad Kids-gruppa trener til desse tidene i gymsalen på Trudvang skule: Torsdag
16:15–17:15 Taekwondo-gruppa
- Grunna pandemien har det vore mange ulike treningstider dette året. Ein har måtta tilpasse tidene
til når ein har hatt tilgjengelege lokale. Styret takkar instruktørane våre for ein framifrå innsats. Dei
er taekwondofagleg svært dyktige, noko som vi alltid får høyre når vi har besøk av Master. I tillegg
viser det att på graderingane, svært gode resultat.
- Belteoversikt (4.dan – 1.dan): Trond Schøyen Høgi, Master, 4. dan Svartbelte 3. dan: Runar
Langeteig Silje Sva Eline Ylvisåker Kristin Ylvisåker Svartbelte 2. dan: Per Magne Sviggum Bente Karin
Vigdal Olav Arild Barsnes Linda Ediassen Kristin Marie Selmer Svartbelte 1. dan: Roger Ediassen
Embla Gjerde Sviggum Hilde Stenehjem Asmund Brendstuen Vebjørn Elvekrok Arve Barsnes Eskil
Gjerde Sviggum Vidar Brendstuen Emma Ylvisåker Heggstad Elise Hovland



Årsmelding 2020

Barneidrett

Styret i barneidretten har i 2020 vore Nina Leivdal Tandle og Ellen Eimhjellen Blom, og vi fordeler møter og diverse oppdrag mellom oss. Ellen er også instruktør for ei gruppe. På årsmøte 17.02.21 har vi fått med oss følgende nye styremedlemmer for 201;

Birte Barsnes Frøyd, Hedda Romberg, Veslemøy Haugland og Torstein Bakketun Kyte.

Anne Liseth har ansvar for gruppa 0- 5 år og treningane er i gymsalen på Trudvang. Tilbodet har vore litt avkorta denne sesongen på grunn av covid 19 då det har vore restriksjonar på bruk av gymsalen frå kommunen. Dei er om lag 25 unger i gruppa og ca 15-20 unger på kvar trening, som er onsdager klokka 17 - 18.

Barneidrett 5 - 7 år (siste år førskule og 1. klasse) har treningstid tysdager i gymsalen på Trudvang. Dei er på grunn av smittevern delt inn i to grupper: Gruppe 1 (5-åringane utanom frå Kjørnes barnehage) klokka 17:00-17:45 og Gruppe 2 (5-åringane frå Kjørnes barnehage og alle 6-åringane) klokka 17:45- 18:30. Kontaktperson og trenar for denne gruppa er Ingrid Hove Harkjerr. Totalt for begge gruppene har dei ca 40 ungar på trening (litt skeivfordelt). Dei er litt usikre på tilbodet mellom vinterferie og påske, men skal finne ut av dette. Etter påske vil dei ha eitt opplegg i lag med orienteringsgruppa.

All-idrett for 2. og 3. klasse har treningstid onsdager klokka 18 -19 med oppmøte i gymsalen på Trudvang. Det er 4 studenter på Idrett/friluftsliv ved Høgskulen som er trenarar for denne gruppa, og Ellen Eimhjellen Blom er kontaktperson for denne gruppa. Aktiviteten har vore variert med dans, ballspel, kampsport, turn og skileik blant anna. Det har møtt ca 20 unger pr klasse, og dei har stort sett vore alle 4 trenarane på kvar trening, dei har nokre gonger vore 2 trenarar og då blir det fort hektisk. Studentane har fått mykje skryt frå foreldrene for eitt godt tilbod.

Turid Skrede og Birte B. Frøyd har ansvar for basistrening for 6. – 10. klasse som starta opp i september 2020 etter at vi fekk tilskot til dette. Gjennom hausten møtte det 20-24 stk. fordelt mellom 6.-8-klasse, men etter jul har det vore varierende oppmøte med 10-15 stk. Det er kun to elevar frå 9.kl, ingen frå 10. klasse på desse treningane. Trenarane har slitt litt med å finne struktur og kultur på treningane då det er stort spenn mellom ungane i motivasjon, og utfordrande å blande årskull og kjønn. Deltakarane ynskjer leikprega aktivitet (t.d. kanonball), men konsentrasjonsnivået synk når treningane blir prega av andre aktivitetar (t.d. styrke, stasjonstrening). Sterkt ønskje frå ungane om turn på desse timane. Dette kan skuldast at turngruppa i år ikkje har hatt treningstilbod, for turn er også ei gruppe som fangar opp dei ungane som ikkje driv med fotball og handball.

Rekneskapen for 2020 viser at vi går med eitt overskot på kr 23.500 og det er langt over budsjettet. Det viser seg at vi har fått inntektsført eitt tilskot til Allidrett med kr 16.000 og delar av dette tilskotet er brukt til innkjøp av utstyr, men at dette er ført på idrettslaget sin driftskonto. I tillegg manglar vi faktura frå Intersport som vi prøver å finne ut av. Det stemmer ikkje at vi ikkje har utgifter, men vi kom noko seint i gang med kontroll.



Årsmelding 2020

Vi har pr i dag 62 registrerte medlemmer i Minidrett, og der ligg vi under Idrettsskole. Det er mulig at no som ønskjer å endre på namn/organisering til å vere eitt Allidrettstilbod som går får 0 år til 10. klasse burde fått endra på dette. Vi trur at vi går glipp av ein del registreringar av medlemmer fordi vi har feil namn i MinIdrett.

Vi må framleis jobbe med å få fleire engasjert i barneidretten med kurs og anna tilbod. Vi treng alltid nye trenarar og styremedlemmer. Studentane oppfordra oss til å kome med informasjon ved studiestart slik at dei blir gjort merksame på at vi treng dei. Her må vi legge ein plan for korleis vi skal nå ut med informasjon til studentane.

Vi manglar no eitt aktivitetstilbod for 4. – 5. klasse og dette er noko vi vil prøve å få til frå hausten 2021 slik at allidretten ikkje har eitt opphald desse to åra for så å starte igjen i 6.klasse. Vi må prøve å få ein raud tråd i tilbodet slik at vi har eitt tilbod til barn og ungdom i alle aldrar som ikkje er med på lagidrett og andre aktivitetar.

Det er søkt om inkluderingsstilskot frå Fylkeskommunen slik at ein kan etablere ei ressursgruppe som kan utvikle eitt tilbod for integrering/inkludering. Det er tenkt at ressursgruppa skal bestå av trenarar, brukerrepresentanter, kommunen ved norskopplæringa og ungdomsavdelinga, flyktingetenesta og HVL. Det er også sendt innspel til idrettslaget om at ein har eitt Inkluderingsfond som kan nyttast til å dekke medlemsavgift og treningsavgift for barn som ikkje kan delta på aktivitetar pga økonomi.

Sogndal, 21.02.21

Nina Leivdal Tandle
Leiar for barneidretten

Herretrimm

Styret:

Magne Lund, Formann
Rolf Bjelde, Styremedlem
Svein Hagen, Styremedlem

Instruktører

Rolf Bjelde og Svein Hagen(gjer ein framifrå innsats for å holde oss andre i gang)

Aktivitetar



Årsmelding 2020

Gymnastikk/trim med instruktør. Har framleis eit godt oppmøte , med gjennomsntt 16 utøvere for kvelden. Her er det rom for fleire , og personar som ønsker å ha ein god gymnastiktime bør prøve denne timen. Treningen er kvar fredag kl.18.30-19.30 i gamle idrettshallen i perioden september til ut april.

Covid 19

Den har i 2020 gjort at det har blitt lite treningar etter 12.03.20. Vi stengte for trening på våren, men starat opp igjen på hausten(i september.) Gjennomførte nokre treningar før vi igjen valgte å stoppe grunna Covid 19.

Idrettsmerke

4 stk gjennomførte merketaking i 2020

Sogndal 07.03.21

Magne Lund

Karate

Hovedfokus for karategruppa i 2020 har vore trening.

Det har vorte fleire graderinger i løpet av året.

Medlemmer

Karate gruppa har i løpet av året, hatt mellom 10-15 aktive medlemmar. Pr.d.d er det 14 medlemmar i gruppa.

Instruktør



Abbas Ekhtiyari. Svart belte 8. Dan i Kyokushin Sabakido.

Sertifisert internasjonalt i mange stilarter av Karate (Kyokushin Oyama- Matsui- Tezuka- Ashihara- Pan Amrikan - Zen Do shin).

Abbas begynte å trene karate i 1977, og har meir enn 14 år som medlem av det iranske landslaget. Han har også deltatt i nasjonale og internasjonale konkurranser, og har bl.a tatt sølv i VM med landslaget.

Grunnlegger av International Kyokushin Sabakido Organization.



Årsmelding 2020

Kostnader

Treningsavgift pr semester har vore 1000kr i 2020. Treningsavgift blei i 2019 satt ned frå kr 3000,- til totalt kr 2000,- pr år. Med denne kontingenten dekker Karate gruppa kostnader på lokaler og medlemskap i Norges Kampsportforbund.

Utstyr

Det er ikkje handla inn utstyr i 2020.

Sponsor

Intern sponsor avtale med Fargerike var på siste året no i 2020.

Treningslokaler

Lokalene til FFC fungerer bra for karate gruppa, og me ser for oss å trene der framover.

Trening

2 dagar i veka, tysdag og torsdag kl 17.00 til 18.30.

Alle aldrar (frå 6 år) og nivå.

Jardar Falck Husum

Roger Bratlebø

Styreleiar

Nestleiar



Årsmelding 2020

Turn

Styret

Leiar: Agna Hollekve

Økonomi: Torgeir Bøyum

Utstvarsansvarleg: Tonje Husbyn

Nettansvarleg: Mari Husabø

Styremedlem: Martin Kvåle Loftesnes

Styremedlem: Øyvind Rørvik (trenarrepresentant)

Trenarar og leiarar

Turngruppa har ikkje hatt treningar sidan byrjinga av mars 2020. Desse var trenarar i starten fram til sesongen vart avbrote:

Nina Leivdal Tandle, Grete Maren Myklestad, Martin Thorvaldsen Venedik, Øyvind Rørvik, Åsmund Rygg, Mathias Brekke Mandelid, Ina Knagenhjelm Wilhelmsen, Simen Brænd og Tonje Husbyn.

Møte

Det vart i 2020 halde eitt styremøte i juni. I dette møtet vart det lagt plan for treningstider for hausten 2020. I forkant av møtet hadde styret fått innspel om tre potensielle nye trenarar. Desse kom aldri i gang med aktive treningar hausten 2020, men er vil vonaleg vera med når turngruppa startar opp treningane hausten 2021.

Mykje av kommunikasjonen mellom styret går elles på ei felles gruppe på Messenger, noko som har redusert behovet for fysiske møter. I tillegg har styret og trenarane ei lukka gruppe på Facebook, der mykje av organiseringa vert gjort.

Det vart halde årsmøte 5. mars i XL-rommet på Fosshaugane Campus. Det var 10 deltakarar, dette inkludert møtande styremedlemmer og trenarar.



Årsmelding 2020

Medlemstal:

Årsskiftet 2020/21: 123 turnarar frå 3. klasse i barneskulen til 10. klasse. Det er stort engasjement for og aktivitet i gruppa. Mange turnarar held fram i fleire år. Den same trenden med stor pågang frå både nabobygder og kommunar har fortsett også dette turnåret, trass i at aktiviteten har vore nede. Pågangen var sommar og haust 2020 særleg stor for 2012-kullet som skulle ha teke til i den yngste aldersgruppa hausten 2020.

Aktivitet:

Turngruppa har ikkje hatt treningar i 2020 grunna covid-19. Det har ikkje vorte arrangert konkurransar eller andre arrangement.

Økonomi:

Slik rekneskapen ligg føre per februar 2021 hadde gruppa eit overskot i 2020 på kr 23 315. Eigenkapital er på kr 388 050. Treningsavgifta for sesongen 2019/20 var på kr 900 og kr 1 200 for dei som er med på ekstratreninga. Sidan det er vanskeleg å få rekruttert trenarar blant foreldra, og vi hadde òg i år planar om å leige inn studentar som har motteke lønn. Dette gjev naturleg nok auka kostnader, men er naudsynt for å kunne gje turnarane eit trygt og sportsleg godt tilbod.

Februar 2021

Agna Hollekve

-leiar-



Årsmelding 2020

Trimgruppa

Trimgruppa starta med treningane i gymsalen på Trudvang skule. Treningane er kvar tysdag kl. 19-20 frå januar. Pga. corona vart treningane avslutta i mars og det vart ikkje meir trening i 2020, av omsyn til denne trimgruppa.

Trimmen tilbyr aktivitet tilrettelagt for personar med ulike grad av psykisk utviklingshemming og einskilde har også fysisk funksjonshemming. Aktivitetane vi gjennomfører inneheld faste element på kvar trening. Det startar med oppvarming i sirkel etter musikk, fallskjermaktivitet, frie stasjonar med ulike aktivitetar. Det vert fast avslutta med sirkeldans med tau med fast musikk «Månemannen» med Vamp. Vi ser stor utvikling i aktivitetsnivå hjå alle deltakarane, frå oppstart for seks år sidan.

Gro Hovland er hovudtrenar. I tillegg er det tre studentar frå idrettsfag ved HVL med som instruktørar på treningane. Dette samarbeidet kom i stand gjennom NFU (Norsk Foreining For Utviklingshemma) og fungerer godt.

Styret består av Gro Hovland, Iren Nordheim og Iren Meisterplass

Vi håpar på eit meir aktivt år for Trimgruppa i 2021.

Sogndal 27.02.2021

For leiarane i Trimgruppa-Iren Meisterplass



Årsmelding 2020

Alpint

Sogndal alpint har klart å fortsette rekrutteringsarbeidet og vi har fått betydelig flere nye yngre løpere og med foreldre som er med på treningene. Noe av dette kan nok forklares med Koronarestriksjoner og manglende inneaktivitetstilbud.

Snittalderen har gått kraftig ned og vi kan si det er et generasjonsskifte i klubben med mange nye og unge utøvere. Tonje Tangerud har tatt et spesielt ansvar og skyldes en stor takk for å rekruttere både mange nye trenere og utøvere. Med alle de nye utøverne har vi hatt behov for flere trenere enn vanlig.

Våren 2020 hadde noen krinssamlinger og vi arrangerte et krinsrenn/SPV. Høsten og tidlig vinter har ikke tillatt samlinger på tvers av klubbene. Dette gjør at små klubber og miljøer mister mye av det som krinsen tilbyr. Men samtidig har vi hatt en eventyrlig vekst i egen klubb og i egen bakke som har vært veldig positivt.

Av dugnadsarbeid så har vi levert ut to runder med Hodlekve-magasinet. For dette får vi gratis heiskort til trenere og sterkt rabatterte skikort til utøvere og foreldre. Dette gjør at klubben ikke har store utgifter.

Det trengs å gjøres noen innkjøp av teknisk utstyr og bekledning til de faste trenerne.

Snøsituasjonen vårsesongen 2020 var veldig bra, mens vinteren 2020 startet med veldig lite snø

Trening

SL hver tirsdag

SSL hver torsdag

Leder

Knut Munthe Olsen



Årsmelding 2020

Klatring

Leiar: Jenny Farsund Storvik

Nestleiar: Idunn Litleré

Barne-og ungdomsansvarlig: Andreas Michael Franck

Utstys- og sikkerhetsansvarleg/media: Kristoffer Günther Hansen Ungdomsrepresentant: Ronja Gesch

Kompetanseansvarlig: David Postelt, Simen Nesje Enger Økonomiansvarleg: Howard Summers

Valnemd: Katja Gesch, Andreas Franck

SKK gjekk våren 2017 inn i eit formelt samarbeid med Sogndal kommune om klatring for ungdommar gjennom MOT. Øktene har blitt arrangert kvar torsdag. Ansvarlig instruktør: Ronja Gesch.

Medlemstal

0-12 år: 67

13-19: 23

20-<: 76

Tilsaman 166 medlemmer pr 31.12.20

Paraklatring

På slutten av høstsemesteret 2020 starta Christoffer Nord og Knut Alfred Kringeland Eriksen som paraklatringsansvarlige. Dei har starta jobben med å søke om midlar, informere osv. Oppstart februar 2021.

Utstyr

Boltar for 20.000, 2 crashpad, 4 tau, 6 selar. Treningsutstyr til barneklatring.

I juni hadde vi dugndad på Ølnesparkeringa. Jobben besto i å fordele utoverer grus og planere eit område det var lagt massar fra den nye parkeringa.

Kurs

Fem instruktører har tatt instruktør inne kurs. Christoffer Nord, Knut Alfred Kringeland Eriksen, Erik Drægni, Maja Zimmermann og Kamilla Marifjæren.

Christoffer Nord, Knut Alfred Kringeland Eriksen, Maja Zimmermann har tatt paraklatringskurs.

Trenar 1 kurs.

Konkuransar og sportslege prestasjoner

Arne Farestveit (17) klatra La Rubia (grad 8c+) i Vilnueva de Rosario i Sør-Spania. Yngste norske bestigning av graden siden Magnus Midtbø gikk det omtrent på samme alder for omlag 15 år sidan.



Årsmelding 2020

Ikkje lenge etter gjekk han 8c-ruta La Planta de Shiva på samme klippe.

Seinare i 2020 gjekk han Nordic Flower (grad 8c) og odins øye (8c+) i Flatanger og var da blitt 18 år.

Arne er per 19.02.21 ranka som nr. 2 i Norge siste 12 månader på 8a.nu og nr 4 all time. Seier i norgescup led eldre junior 2020.

David Postelt har gått Fraulein (8c), og det er første gang den er gått på egne sikringar!

Aktivitetar

NM

Klubben skulle arrangere NM i led, speed og paraklatring i november. Hovudarrangør var Mie Dahl Pind. Resten av komiteen besto av Eirik Hårstad Meslo (arena), Kasper Øvreneess (teknisk ansvarlig), Jenny Farsund Storvik (spons). På grunn av nasjonale innstrammingar i tillegg til lokale innstrammingar i område med høg smitte, såg NKF i samarbeid med Sogndal Klatreklubb SIL seg tvunget til å avlyse to veker før NM. Slik smittesituasjonen var i Norge var det ikkje forsvarlig å gjennomføre ein nasjonal konkurranse som innebar forflytning av utøvarar fra heile landet.

Sikring i sportsklatring.

I forbindelse med NM holdt Sogndal Klatreklubb i samarbeid med Sogndal Klatresenter workshop i korleis ein bør sikre sportsklatring på ein trygg og god måte og gje klatrar dynamiske fall. Med Jarle Kalland og Arne Farestveit.

Klubbkonkurranse og årsfest 11.01.20

Vi rakk å ha klubbkonkurranse og årsfest før korona satte stoppar for det meste av aktivitet.

Økonomi

Vi hadde budsjettetert med å gå i minus i 2020. Vi ville satse på instruktørane og ha fleire kurs. På grunn av korona hadde vi mindre lønnsutgifter og mindre utgifter til kurs og aktivitetar, gjekk difor i pluss. Vi har god økonomi. Klubben har bygd opp eigenkapital over mange år. Vi har visst at vi må begynne å betale til Sogndal Klatresenter, dette startar vi med i år. Eigenkapitalen kjem godt med i åra framover.